



Referat styremøte i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Stad: Astruptunet, Jølster
Dato: Fredag 12. april 2024, kl 1000 - 1300

Program:

1000: Omvising i tunet, og ei oppsummering av kva som er gjort med hagen og husa i tunet. Solveig Berg Lofnes og Tor Martin Leknes orienterte.
1130: Lunsj i kafeen
1215: Sakshandsaming og orienteringar

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Gunhild Berge Stang, styremedlem Magni Aa Berge, styremedlem Rune Hegrenes, styremedlem Siri Sandvik, styremedlem Knut Arve Helle, styremedlem Therese Nesset.

Frå administrasjonen:

Tor Martin Leknes, Solveig Berg Lofnes, Jan Heggheim

Orienteringar i møtet:

- Om Astruptunet
- Generelt om aktiviteten i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Orienteringar i samband med handsaminga av dei aktuelle sakene:

Rekneskap pr februar 2024

Vedlegg:



Saker til handsaming:

- Sak 13/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 14/2024 Referat frå styremøte 27. februar 2024
- Sak 15/2024 Rekneskap 29. februar 2024
- Sak 16/2024 Sjukefråvær
- Sak 17/2024 Besøktal 2023
- Sak 18/2024 Haugefisk, aktivitetar og planer
- Sak 19/2023 Innkomne saker

Sak 13/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 14/2024 Referat frå styremøte 27. februar 2024

Vedtak:
Styret godkjenner referat frå 27. februar 2024.

Sak 15/2024 Rekneskap 29. februar 2024

Janne Gimmestad

Kvifor vert saka fremma:

Vi legg her fram førebels resultatrekneskap til og med februar. Saka gir ein førebels rapport frå den økonomiske drifta tidleg i 2024.

Bakgrunn:

Sidan vi framleis slit med kapasiteten i økonomiavdelinga på grunn av opplæring, er denne rapporten prega av periodiseringsavvik, det vil seie at postar ikkje er plassert på rett månad. Dette gjeld både inntekter og kostnader, og rapporten må lesast i lys av dette. Vi tek sikte på å presentere ein grundigare rapport inkludert prognose i juni-møtet.

Drøfting:

INNTEKTER

Totalt er inntekter i tråd med budsjett, avviket er kr 88'

Tilskot

Her ligg inne 333 333 kr til utstillingsvederlag frå KUD som ikkje var budsjettert. Tilskot frå fylkeskommunen og KUD held litt lågare nivå enn budsjett

Eigeninntekter omtrent som budsjettert, ingen store avvik

KOSTNADER

Totalt viser kostnadene ein negativ budsjettendifferanse på kr 364', men her er interne avvik

Kostnad arbeidskraft - overbruk kr 201'

Lønskostnader - Overforbruk til budsjett med kr 79'



Andre personalkostnader - Kostnad for bedriftshelsetjeneste er ikkje periodisert slik som i budsjettet, og kostnader til personalsamling utsett fra november 23 til januar 24 gir overforbruk i perioden på kr 123'

Andre kostnader - overforbruk kr 243'

FINANS

Renteinntekter er over budsjett med kr 173'

Nibor konto gir fin avkastning på oppsparte midlar og investeringstilskot, konto vil bli tappa i løpet av året i takt med utbetaling på byggeprosjektet til Holvikejekta.

DRIFTSRESULTAT

Underskot avviker negativ med ca kr 275' på budsjett

RESULTAT

Underskotet er 103' høgare enn budsjettet. Det er normalt med større underskot så tidleg i året.

Vedtak:

Styret vedtek den framlagde resultatrekneskapan med totale inntekter på 11 689 683 kr, driftskostnader på 13 206 767 kr til etterretning.

Sak 16/2024 Sjukefråvær

Atle Reidar Sandnes/Jan Heggheim

Styret skal vere oppdaterte på gjeldande sjukefråvær i sitt arbeid.

Sjukefråvær 1. kvartal 2024

I første kvartal 2024 ser vi ein nedgang i fråvær 1-16 dagar. Vi ser samstundes ein liten auke i sjukemeldingar over 16 dagar. Totalfråværet aukar difor noko samanlikna med 4 kvartal 2023.

Fråvær i Q 1 2024

Type fråvær	Fråvær i	(Q4 2023)
Eigenmelding	1,34	(2,00)
Sjukemelding	0,65	(0,16)
Kortidsfråvær (eignmeldt og sjukemelding <16)	1,83	(2,16)
Sjukemelding >	2,75	(1,39)
Totalfråvær	4,75	(3,56)


Løpande 31.03.2023 – 31.03.2024




Type frávær	Frávær i %	(31.12.2023)
Eigenmelding	1,35	(1,39)
Sjukemelding < 16	0,51	(0,44)
Kortidfrávær (eigenmeldt og sjukemelding < 16)	1,86	(1,84)
Sjukemelding > 16	1,36	(0,91)
Totalfrávær	3,22	(2,75)

Utvikling over tid

Kortidsfrávær (1 til 16 dagar)



Totalfrávær





Konklusjon:

Det relativt låge fráværet samsvarar godt med resultatata frå medarbeiderundersøkinga, og dette tyder på ein frisk organisasjon der folka våre trivest på arbeid.

Vedtak

Styret tek rapport om sjukefráværet til orientering

Sak17/2024

Besøktal 2023

Torunn Skarstad/Jan Heggheim

Bakgrunn:


Besøktal er ikkje det einaste målet vi arbeider etter, men det er likevel ei viktig rettesnor med tanke på om andre bryr seg om det vi driv med. Styret skal difor vere oppdatert på utviklinga til ei kvar tid. Vi arbeider no med tankar om andre måleparameter som kan gi styret eit tydeleg bilete av verksemdsområda elles, og vil komme tilbake til dette.

Drøfting:

Som tabellen viser har vi ein auke dei tre først månadane på 23% i besøkstalet, og dette er veldig gledeleg. Vi har hatt eit forsøk gåande i samband med påskeaktivitetane, der vi la ekstra midlar inn i marknadsføringa for Nordfjord Folkemuseum og Sunnfjord Museum. Det er tydeleg at dei i alle fall har hatt godt besøk. Så skal det seiast at dei hadde laga til svært fine opplegg, så all ære til dei som stod bak det gode arbeidet. Legg også merke til Kystmuseet og kunstmuseet, begge har kjempefin utvikling.

SUM BESØKSTAL ALLE BESØKSSTADER I MISF HITTIL I 2024										
BESØKSSTAD	VAKSNE	BARN	JAN	FEB	MARS	2024	2023	Endring i tal	Endring i %	
NORDFJORD FOLKEMUSEUM	213	93	0	86	220	306	186	120	39 %	
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	106	415	8	369	380	757	521	236	31 %	
VÅGSBERGET	0	0	0	0	0	0	0	0	#DIV/0!	
SUNNFJORD MUSEUM	256	278	35	140	359	534	200	334	63 %	
DHS-SOBN FOLKEMUSEUM	616	211	18	531	278	827	679	148	18 %	
SOBN FJORDMUSEUM	0	0	0	0	0	0	0	0	#DIV/0!	
KVERNSTEINSPARKEN	57	214	71	75	125	271	310	-39	-14 %	
NORSK REISELIVSMUSEUM	670	0	19	355	296	670	645	25	4 %	
SOBN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM	949	183	195	338	599	1 132	952	180	16 %	
EIKAASGALLERIET	9	0	5	0	4	9	2	7	78 %	
ASTRUPTUNET	9	0	0	2	7	9	4	5	56 %	
SOBN KUNSTSENTER	0	0	0	0	0	0	0	0	#DIV/0!	
SUM KVAR MÅNAD	2 885	1 394	351	1 896	2 268	4 515	3 499	1 016	23 %	

Målet er 70 000 besøkande innan 31. desember 2026. Dersom vi ser på den langsiktige kurva under, er vi på god veg!



Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitende, og gler seg over auken.

Sak 18/2024 Haugefisk, aktivitetar og planer

Jan Heggheim

Kvifor vert saka fremma:

Styret gjorde i sak 3/2024 (rekneskap 2023) følgjande vedtak:

«Styret vedtek den framlagde resultatrekneskapen med totale inntekter på 75 678 854 kr, driftskostnader på 75 837 430. Inklusiv finanspostar vart resultatet 2 007 334 kr. Vidare vedtek styret balanserekneskapen med ein totalbalanse på 150 298 241 kr. Styret vedtek framlagd årsmelding for 2023. **Styret gir direktøren fullmakt til å disponere inntil 1 mill kroner av overskotet til ekstraordinære kostnader med fartøyet Haugefisk. Posten blir øyremerka i balansen og avskreven over 5 år.» (Adm dir si utheving)**

I samband med dette vedtaket lovde vi å komme attende til styret med ei eiga sak. Investeringane det her er snakk om er innanfor fullmaktene til direktøren, men eg vel å legge fram ei sak med utgangspunkt i vedtaket som er referert over.

Bakgrunn:

Haugefisk er ein første generasjon autolinebåt, bygd i 1978, teken ut av fiske i 2002, museumsfartøy frå 2005. Fartøyet har vore stelt og drive av Haugefisks Venner, som har brukt båten til ulike utferder til utlandet, Den Kulturelle Skulesekken, og reine sightseeingoppdrag. Forholdet mellom Haugefisk Venner og Kystmuseet (seinare Musea i Sogn og Fjordane) har vore basert på munnlege avtaler og der har ikkje vore klare grenser for kva som har vore den eine eller den andre sitt ansvar. Dette er no regulert i ein driftsavtale som ligg ved saksdokumenta.



Kystmuseet/MiSF har hatt ein eigen konservator med særleg interesse for feltet, og som tidvis har vore djupt engasjert i Haugefisk. Etter at vedkommande vart pensjonist, er det ikkje like sjølvsagt at MiSF disponerer den kunnskapen som skal til med tanke på å følgje opp fartøyet med tanke på ulike løyve/sertifikat, vedlikehald og andre saker.

På grunn av manglande sertifikat som kystfartøy var ikkje Haugefisk sjødyktig i 2023. Årsaka er først og fremst at 5-års klassing er eit stort økonomisk løft. Dette tærer på interessa hos venneforeninga, og det er ikkje bra for fartøyet å ikkje vere i drift. I møte hausten 2023 etablerte vi eit mål om å få Haugefisk i drift frå våren 2024.

Ein vesentleg mangel med tanke på MiSF si evne til å følgje opp vedlikehaldet og drifta av Haugefisk har vore eigen kompetanse på området. Difor fekk vi frå 15. januar tilsett Jørgen Blålid som reiarrepresentant i anslagsvis 20% stilling. Blålid har over 20 års fartstid i DNV, og kjenner saksfeltet difor svært godt. Å få han på laget har vore udelt positivt, sidan han då kan ha kommunikasjon med sertifiseringsstyresmakter, verkstad, kaieigarar, slepereiarglag og ikkje minst Haugefisks Venner. «Ulempa» er at med god oversikt aukar kunnskapen om kostnadane.

Drøfting:

Formidling:

Det er eit mål at Haugefisk kan formidlast som linebåt i si aldersgruppe. Der har vore stor interesse frå Måløy Adventure, som er landoperatør for 34 cruiseanløp i Måløy sommaren 2024. Planen er å lage eit sals- og formidlingsopplegg som inneber inntekter dei dagane der er skip på besøk i Måløy. Der er sett av kaiplass til Haugefisk i Måløy sommaren 2024, denne har vi fått gratis til disposisjon. Bestilling skal kunne gjennomførast via nettsidene MiSF.no. Kystmuseet stiller vertskap, medan Haugefisks Venner tek formidlinga om bord.

Vedlikehald:

Det er gjort ein god gjennomgang av fartøyet, og vi har gjort våre vurderingar ut frå følgjande:

Oppfylgning av «basisoppdraget», ta vare på Haugefisk:

Dette ville innebære at vi gjer det vi må for å halde båten flytande. Haugefisk ville då liggande ved kai, men sikra med tanke på flyteevne. Vi kan gjennomføre formidling i Måløy også med dette alternativet. Vi er avhengig av slep fordi vi ikkje kan gå med eigen motor, og dette inneber store kostnader.

Alternativet medfører ein kostnad på ca 500 000 kr

Utsett klassing til våren 2025:

Vi vil då ha teke mykje av vedlikehaldet i 2024, men ei utsett klassing medfører store ekstrakostnader, i vårt anslag mellom 3 og 400 000 kr. Dette er hovudsakleg sleping.

Klassing no våren 2024:



Dette alternativet medfører at båten blir sjødyktig frå mai. Totalkostnad er ca 1 600 000, altså ekstra kostnader på 1 100 000 samanlikna med basisoppdraget. Vi vil då kunne bevege oss rundt utan slepeassistanse, og også ta turar i sjøen med utgangspunkt i Måløy eller Iglandsvik. Vi vil melde oss som kandidatar til den kommunale delen av Den Kulturelle Skulesekken for å kunne ta formidlingsoppdrag med skuleklassar. Vi har valt å gå for dette alternativet, vi viser til adm vedtak lagt ved dokumenta.

Finansiering:

Via SAVOS-midlar frå kommunen, fylkeskommunen og Riksantikvaren har vi finansiert om lag 600 000. Dei resterande midlane kan avskrivas over 5 år, dette er avklart med revisor som ein vanleg måte å handtere klassingskostnader på. Vi har søkt Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om 500 000 til prosjektet, men har ikkje fått svar på dette når saka blir lagt fram.

Dette gir følgjande oppstilling

<hr/>	
Totale kostnader ved klassing 2024	1 600 000
<hr/>	
Finansiert ved	
Budsjettramme 2024	600 000
Eigendel, avskriven over 5 år	1 000 000
<hr/>	
Totalt finansiert	1 600 000
<hr/>	

Ved støtte frå Sparebankstiftinga blir eigendelen 500 000 kr.

Haugefisks Venner:

Til liks med fleire av museumsjarnbanene og andre museumsfartøy rundt i landet er vi heilt avhengig av venelaget til drift og stell av Haugefisk. Desse blir eldre, og vi tenkjer over korleis vi kan rekruttere nye medlemmer og motivere dei som er til innsats. Vi lanserer ei nyhendesak i løpet av våren der føremålet er å vekke interesse, kanskje først og fremst i Måløyområdet er Haugefisk blir liggande i sommar. Først og fremst handlar dette om å ta venelaget alvorleg, og tilbakemeldingar tyder på at dei føler at vi møter dei på ein god måte.



Kostnader strakstiltak, datert 6. februar, etter gjennomgang Jørgen Blålid

Gjeld kostnader dersom klassing					
Tiltak	Stad	Kostnad minimum	Tillegg 5-års klassing no	Tillegg 5-års klassing neste år	Kommentar
Slipping leige	Stadyard	kr 42 150			
Spyling botn	Stadyard	kr 37 740			
Reingjering sjøkassar/inntak	Stadyard	kr 16 050			
Botnbehandling inkl måling og primer	Stadyard	kr 104 400			
Zinkl	Stadyard	kr 26 000			
Botn og overbordventilar for kontroll	Stadyard	kr 50 000	kr 72 000		Kun ved klassing
Reingjere botntankar	Stadyard		kr 159 200		Kun ved klassing
Måle rorklaring og hellager	Stadyard		kr 14 000		Kun ved klassing
Akseltrekk for måling av lager	Stadyard		kr 270 800		Kun ved klassing
Tjukkleksmåling	Stadyard		kr 20 900		Kun ved klassing
Straum	Stadyard	kr 29 450			
Lensebrønn lasterom kontroll		kr 25 000			
Ukjent:					
Sleping til Måløy		kr 25 000			Spesialpris
Kalleige + straum ved oppdrag i Måløy 2024		kr 100 000			Ved oppdrag som museumsfartøy
Sleping tilbake til Iglandsvik		kr 75 000		kr 75 000	
Sleping til Måløy for klassing				kr 75 000	
Maskinkostnader				kr 150 000	Sist i 2008 i Danmark
Reparasjon av bom + sertifisering av ds			kr 50 000	kr 75 000	
Klassingskostnader			kr 600 000		
Totalt		kr 530 790	kr 1 186 900	kr 375 000	
Oppsummert:					
Sum ved minimumstiltak		kr 530 790			
Sum ved full pakke inkl klassing		kr 1 642 690			Klassing minus slep 75 000
Sum ved utsett klassing		kr 2 017 690			
Savos inkl Bremanger kommune		328000			
Søkt av ordninga forvaltning og drift av verna og fredag fartøy		277500			
		605500			
Eigendel MiSF (-)		104000			
Eigendel Bemanger kommune (-)		60000			
Søkt netto		501500			

Vi har ikkje vanskar med å sjå at denne oppstillinga er vanskeleg å tyde for uinnvidde. Difor vil vi forklare denne nærare i styremøtet.

Vedtak:

Styret tek saka til vitende, og stør måten vedlikehaldet av Haugefisk blir utført på.

Sak 19/2023 Innkome saker